

Styremøte i Vats Grendeutval

Tysdag 25.10.11 i Vindafjordhallen kl 19:30

Desse møtte: Jon Olav Velde

Kristin Ove Skaret

Åsmund Kalstveit

Anne Nesheim Myhre

Severin Fatland

Hilde Fadnes Hølland

Sak 1. Årsmøtet/folkemøtet 16. november 2011

Jon Olav hadde laga eit forslag til årsmelding samt ein plakat med saksliste for årsmøtet. Plakaten blir sendt til Grannar og til Vatsnett.com slik at folk kan sende inn forslag til sakar til årsmøte.

Styret gikk igjennom årsmeldinga og rekneskapen som Jon Olav la fram.

Programmet for møtet blir slik:

Orienteringssaker som folk er opptekne av:

- Vindmølleprosjektet på Døldarheia (Reidar Pedersen, prosjektleiar i Haugaland Kraft)
- Tomte- og byggesaker i Vats (Leon Dyngeland, leiar i Vindafjord tomteselskap)
- Vatsvassdraget – tiltaksplan mm. (koordinator for prosjektet, Harald Velde)
- Demontering av lastebøye, AF Decom (Evy Lærdal, informasjonsansvarleg)

Årsmøtesaker med årsmelding, rekneskap og val

Ansvarsfordeling til årsmøte:

Jon Olav tar kontakt med Magne Inge Vårvik i Vindafjord Kommune for å få veta kvar mange husstandar det er i Vats og lagar kopier av plakatane som han fordeler til styret. Dei må ut i postkassar/på stolpar og butikkar fredag eller seinast laurdag før møtet. Fordeling av "flygeblad" til årsmøte, - me har satt opp desse rutene:

Åsmund: Veldekrossen, Blikrabygda til Vatne

Severin: Stokkadalen og Tørresdalen

Anne: Krakk, Knapphus, Nesheimstranda tom Kårhusfeltet

Jon Olav: Eikeland, Aurdal, Eikesdal, Alvseike og Sjurseike til Knapphus

Kristin: Gjerdesdalen, Eide og Håå

Hilde: Raunes, Eikanesstranda tom Kårhus

Styretmedlemma møtar kl 1800 i Vindafjordhallen, dette for å gjer klar til møte.

Hilde bestiller kaffi og noko å bite i frå hallen.

Åsmund ordnar med kunstnerisk innslag.

Sak 2. Vindafjord kommune si prisutdeling

Anna kvart år deler Vindafjord kommune ut desse prisane:

- Kulturpris
- Omsorgspris
- Byggeskikkpris
- Næringspris
- Kjerringpris

Frist for forslag er satt til 4. november. Frista var egentleg tidligare men kommunen hadde gløymt å gje beskjed til Grendautvalet om dette og satte ny frist.

Me diskuterte aktuelle kandidatar og desse vil bli sendt til kommunen, til Berit Hetland innan fristen. Dette gjer Hilde.

For Vats Grendautval, 26.10.11

Hilde Fadnes Hølland

-skrivar-